



## Løyve etter ureiningslova for steinbrot i Sløvåg DC Halsvik Aggregates as – Gulen kommune

Løyvet er gitt i medhald av § 11 jf. § 16 og endra i medhald av § 18 i lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova). Løyvet omfattar også krav til handtering av mineralavfall etter kap. 17 i avfallsforskrifta, jf. § 17-4. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 18.12.2012 og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Med heimel i § 18 i ureiningslova er løyvet datert 18.10.1996 (ansvarleg firma: Halsvik Cementstøperi as) erstatta med dette løyvet.

### Verksemddata

Anlegg	Steinbrot i Halsvik		
Verksemd	Halsvik Aggregates as		
Adresse, poststad	Sløvåg, 5960 Dalsøyra		
Kommune og fylke	Gulen i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnummer)	62/58 og 61, 63/15 og 22	UTM midtpunkt	37292 6787020
Org. nummer (føretak/eigd av)	977 213 630	Org.nr. (verksemd)	977 217 067
NACE-kode	08.120 - Utvinning fra grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin		

### Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje
11/394	1411.0005.01	1994.0061.T	landbasert

Løyve gitt: 18.10.1996	Endringsnummer: 2	Denne endringa: 19.10.2017
Eline Orheim Assisterande fylkesmiljøvernssjef	Gøsta Hagenlund sjefingeniør	

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

### Endringslogg

Endring nr.	Dato endra	Vilkår nr.	Omtale
1	28.1.2015	Nytt løyve	Utferding av nytt løyvedokument
2	19.10.2017	Overskriftar 3.1 5.1 11	Ny tittel og tilvising til eigar Formulering, same innhald Endra def. av måleining for maks. nivå natt Endra innhald

## Innhald

0. Føresetnader .....	3
1. Produksjonsforhold - rammer.....	3
2. Generelle vilkår.....	3
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg.....	3
2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon ytre miljø .....	4
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold.....	4
2.4. Nærmiljø .....	5
3. Utslepp til grunn og vatn .....	5
3.1. Utsleppsgrenser.....	6
3.2. Måleprogram og krav til usikkerheit i måleresultat .....	7
3.3. Utsleppsreducerande tiltak, reinsing med meir. ....	8
3.4. Utsleppstad for prosessavløp .....	8
3.5. Overflatevatn .....	8
4. Utslepp av støv.....	8
4.1. Grenseverdi .....	8
4.2. Måleprogram og krav til usikkerheit i måleresultat .....	8
5. Støy.....	9
5.1. Utsleppsgrenser.....	9
5.2. Dokumentasjon på støynivå .....	9
5.3. Sprenging av fjell .....	10
6. Kjemikal.....	10
7. Avfall .....	10
7.1. Generelle krav .....	10
8. Beredskap mot akutt ureining .....	11
9. Oppfølging av resipient.....	11
10. Informasjon og rapportering til Fylkesmannen .....	12
10.1. Informasjon til Fylkesmannen.....	12
10.2. Informasjon til andre .....	12
11. Økonomisk sikkerheit.....	13
12. Større endringar .....	13
12.1. Utskifting av utstyr .....	13
12.2. Eigarskifte.....	13
12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans .....	13
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.....	15
VEDLEGG 3.....	16
Definisjonar .....	16
VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport .....	17

## **0. Føresetnader**

Løyvet gjeld frå den datoen Fylkesmannen kunngjer løyvet.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilråa er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilråa står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlninga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

## **1. Produksjonsforhold - rammer**

Løyvet gjeld ureining som følgjer av sprenging og uttak av stein, og frå produksjon av steinprodukt ved mellom anna nedknusing, mellomlagring og utskipping frå verksemdområdet. Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av inntil 3 millionar tonn per år. Løyvet set også tilleggskrav i høve til lovverket når det gjeld handtering av avfall frå verksemda. Ved vesentlege endringar skal verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om utsleppa ligg innafør dei fastsette grensene.

Løyvet gjeld også mellomlagring av mineralavfall (steinstøv og andre mineralske restar frå produksjonsprosessane) i internt vassreservoar og på eigna, verksemd-interne område i påvente av bruk eller endeleg sluttdisponering.

Løyvet gjeld berre for omtalt aktivitet innafør dei areala som er avsett av planstyresmakt.

## **2. Generelle vilkår**

### **2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg**

Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafør fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege og uforholdsmessige kostnader. For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

Utsleppskomponentar som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilråa i dette løyvet. Løyvet tillet utslepp inntil fastsette grenseverdiar, midlingstider eller normale normverdiar, så lenge utsleppet ikkje vert vurdert å vere unødvendig i høve til nødvendig aktivitet. Utslepp av stoff oppført i

vedlegg 1 er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

## **2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø**

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse<sup>1</sup> av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemnda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem inne på verksemnda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Med grunnlag i analysen skal verksemnda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemnda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemnda sin internkontroll<sup>2</sup> for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregulverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift.

For gjentekne, uønskte hendingar skal verksemnda ha etablere eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Pliktar gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemnda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan gje negativ effekt på miljøet ved utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

## **2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold**

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining eller manglande avfallshandtering, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal straks informere<sup>3</sup> Fylkesmannen

- når utsleppsmåling viser verdi over tillate utslepp,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at immisjon av støy eller nedfall av støv til omgjevnadane mellombels er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

---

<sup>1</sup> Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

<sup>2</sup> Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

<sup>3</sup> Merk at verksemnda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

#### **2.4. Nærmiljø**

Verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at ulemper frå utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande plantar, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum. Miljøet nær staden som omfattar mellom anna folk, husdyr, ville dyr, natur og vatn, skal såleis sikrast mot ulempe utover det som må reknast som nødvendig og tillate i dette løyvet.

Det skal utarbeidast program for å hindre skadedyr eller etablering av framande, skadelege artar. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH skal ikkje finnast på verksemdområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Alt råstoff, produksjonseiningar, avfall, produkt, med meir, som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

Verksemda skal, etter nærare drøfting med Fylkesmannen, kunne kompensere nærmiljøet for ulemper ved drifta. Kompensasjon kan utløysast jamvel om drifta er i samsvar med vilkåra i dette løyvet.

### **3. Utslepp til grunn og vatn**

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som er nødvendig og tillate i dette løyvet.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn og ureina sediment utanfor. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiding, og vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

#### **3.1. Tankar for flytande kjemikal eller avfall**

Utslepp frå nedgravne tankar eller tankar på/over bakkenivå er ikkje tillate.

For nedgravne tankar med kapasitet over 3 200 liter, skal sikring og vedlikehald minst tilfredsstillende krava som er gjengitt i kap. 1 i ureiningsforskrifta<sup>4</sup> så langt dei passar. Krava inneberer mellom anna:

- tanken skal vere produsert i samsvar med nyaste retningsliner frå Norsk Standard,
- tanken skal ha periodiske tilstandskontrollar, alternativt eit system for automatisk lekkasjeovervaking.

---

<sup>4</sup> Tiltak for å motvirke fare for forurensning fra nedgravde oljetankar

For farlege kjemikal og farleg avfall som vert lagra i tank som ikkje er grave ned, skal sikring og vedlikehald minst tilfredsstillende krava som er gjengitt i kap. 18 i ureiningsforskrifta<sup>5</sup> så langt dei passar. Krava inneber mellom anna:

- tanken skal vere sikra mot hendingar som kan føre til ureining, og ha eit effektivt oppsamlingsarrangement som minst rommar volumet til tanken og tåler dei aktuelle kjemikal/avfall,
- når oppsamlingsarrangementet omfattar fleire tankar, skal kapasiteten minst svare til 110 prosent av volumet i den største tanken,
- tankanlegget skal ha tilfredsstillande tilstand etter dokumenterte kriterier, og ha eit periodisk vedlikehaldssystem,
- Tank og røyr skal merkast med innhald og anna relevant informasjon på godt synlege stader

Tankar som er mindre enn kapasiteten som er omtalt i kap. 18 og som vert nytta til lagring av farlege kjemikal og farleg avfall, og tankar til andre kjemikal eller flytande avfall skal sikrast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg rutine som skal byggje på akseptkriterier etter risikovurdering.

Oljehaldig avløpsvatn frå drift av anlegget (verkstad, bilvask, uteområde, med meir) skal leiast via sandfang til oljeutskiljar som er dimensjonert etter største belastning. Nedanfor oljeutskiljaren skal det vere tilrettelagt for å ta representative prøvar av avløpsvatnet. Oljeutskiljar som er i jamleg bruk skal tømast for olje, slam og sand minimum ein gong per år.

### 3.2. Utsleppsgrenser

Utslepp frå verksemda til vassførekomstane Sløvåg (Vann-nett ID 0261040101-7-C) eller Fensfjorden (Vann-nett ID 0261040101-8-C) skal ikkje medføre dårlegare økologisk tilstand enn tilstandsklasse 2 (god). Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate. Overflatevatnet skal ikkje verte jamleg blakka (visuelt observert).

Desse utsleppsgrensene gjeld:

Utslepps-kjelde / målestad	Utslepps-komponent	Utsleppsgrenser		Frekvens
		Konsentrasjons-grense	Midlingstid	
Utløp etter oljeutskiljar	Olje i avløpsvatn	50 mg/L	Stikkprøve	min. 2 gongar per år
Utsleppsleidning ved punkt I (i sør) UTM 32V strandkant: Ø-V: 0286587 N-S: 6752435	Sum av suspendert stoff i utsleppsleidning	500 mg/L	1 time	min. månadleg
Utsleppsleidning ved punkt II (rett N/utskipingsstad): UTM 32V strandkant: Ø-V: 0286536 N-S: 6752548	Sum av suspendert stoff i utsleppsleidning	100 mg/L	1 time	min. månadleg

<sup>5</sup> Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall

Utsleppsleidning ved punkt III (i nord): UTM 32V strandkant: Ø-V: 0286528 N-S: 6752568	Sum av suspendert stoff i utsleppsleidning	100 mg/L	1 time	min. månadleg
--	--	----------	--------	---------------

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

Andre parameter som kan ha noko å seie for det ytre miljøet må dokumenterast i samsvar med måle- og utrekningsprogrammet (jf. vilkår 3.3).

Prøve til analyse bør takast frå eit tal delprøvar teke over ein time. Dersom anna prøvetaking er nødvendig, skal ein nytte følgjande omrekningsfaktor:

Frå ↓	Til →	Stikkprøve	15 minutt	1 time	8 timar	24 timar
1 time		1,5	1.34	1	0.7	0.59
Tal delprøvar		1	3	12	16	24

### 3.3. Måleprogram for vatn og krav til usikkerheit i måleresultat

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp til vatn og grunnen som kan føre til ureining.

Verksemda skal ha eit måle- og utrekningsprogram for vassanalysar som dokumenterer utsleppsnivåa. Programmet skal omfatte dei utsleppskomponentane det er sett måle- og/eller reinsekraft til. Programmet skal også ha vurdert om verksemda kan sleppe ut stoff oppført i vedlegg 1 eller andre stoff som kan ha miljøverknadar - men som det ikkje er sett spesifikke krav til, og om nødvendig dokumentere slike utslepp. Programmet skal mellom anna skildre fastlegging av prøvetaking- og analysemetodar, prøvetakingstider og framlegg til akseptabel måleusikkerheit. Verksemda skal i samband med utarbeiding og revidering av - programmet vurdere usikkerheita i målingane, og søke å redusere denne mest mogleg. Ved indirekte utrekning av nivå, må utrekningsmodellar som vert nytta vere tydeleg omtalt. Programmet skal ligge til grunn for rapporteringa til Fylkesmannen, sjå vilkår 10.1.

Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Prøvetaking og analyse skal utførast slik at utrekningane gir mest mogleg realistisk og representativ dokumentasjon på verksemda sine faktiske utslepp.

Prøvetaking skal utførast etter CEN-standard eller Norsk Standard (NS). Dersom disse ikkje finst, kan annen internasjonalt akseptert standard nyttast. Dei representative prøvene skal analyserast etter standarden NS-EN/IEC 17025:1999 eller nyare. Fylkesmannen kan i særskilde høve akseptere at annan metode vert brukt. Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, og at prøvetakingpunkt vert etablert på stader som gjer det mogleg å ta prøver av utsleppa i høve til aktuelle standardar.

Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar.

### **3.4. Utsleppsreducerande tiltak, reinsing med meir.**

For utslepp der det er fare for at konsentrasjonsgrense kan verte høgare enn krava i løyvet, skal tilfredsstillande reinseanlegg etablerast og driftast. Alternativt må aktivitet som fører til for høge utslepp reducerast eller stansast. Verksemda har, uavhengig av grenseverdiar sett i dette løyvet, plikt til å avgrense utslepp i størst mogleg grad med bruk av best tilgjengeleg teknologi.

Vassforbruket skal reducerast så langt det er teknisk og økonomisk mogleg utan urimelege eller uforholdsmessige kostnader.

### **3.5. Utsleppstad for prosessavløp**

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i Sløvågen på ein slik måte at innblanding i vassmassane vert sikra.

### **3.6. Overflatevatn**

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet. Ureina overflatevatn må reinsast ved behov, jf. vilkår 3.2.

## **4. Utslepp av støv**

### **4.1. Tiltak mot støvutslepp**

Effektive tiltak skal gjennomførast for å hindre støvutslepp frå produksjon, transport og lagring. Boreriggar skal ha støvavsug med reinsing - alternativt haldast fuktig. Anna prosessutstyr skal vere innebygt med varig tett konstruksjon med avsug og reinsing eller haldast fuktig.

### **4.2. Grenseverdi**

Aktivitetane må vere lagt opp på ein slik måte at næraste eller mest utsett naboegedom ikkje mottek meir enn 5 g/m<sup>2</sup> per 30 dagar mineralsk nedfallsstøv frå produksjon, transport eller lagring. Grensene for støvnedfall skal haldast over ein periode på minst 30 dagar, og målingar må halde fram inntil det er dokumentert at verdiane er stabilt under grenseverdien. Utsleppet må dokumenterast med periodevise målingar etter ei risikovurdering.

### **4.3. Måleprogram for utslepp av støv til luft**

Måling av støvnedfall skal vere representativ for normal drift. Prøvetaking og analyse skal gjennomførast etter Norsk Standard, der det finst. Analysane skal ligge til grunn for rapporteringa til Fylkesmannen, sjå vilkår 10.1.

Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar.

## 5. Støy

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

### 5.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	$L_{den}$	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl.19-23)	$L_{den}$	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	$L_{den}^*$	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	$L_{AFmax}$	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 2

\* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område skal støy ikkje overstige 40 dB(A) utrekna som  $L_{den}$  midla over døgnet.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Dersom den støyande aktiviteten omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at verksemda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda.

### 5.2. Dokumentasjon på støynivå

Verksemda skal ha oppdatert støysonekart med soneinndeling og fargelegging i samsvar med TA 1442 (Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging), men OBS! at grenseverdiane skal vere sett etter *døgnequivale*nt støy som i tabell 5,1.

Dokumentasjon av støyutslepp skal sendast til Fylkesmannen første gong innan 12 månadar frå løyveskrivet er motteke. Målingar og utrekningar må gjennomførast av uavhengig firma med dokumentert kompetanse på slikt arbeid. Måling må skje i tidsrom det er vanleg aktivitet med maksimalt ekvivalent støyutslepp. Tidsrommet skal vere føremeld til representantar for naboane, kommunen og Fylkesmannen.

Dersom målt/utrekna støynivå som skuldast utslepp frå verksemda ligg nærare grenseverdiane enn 3 dB (A), skal ny, tilsvarende gransking gjennomførast innan 12 månader. Gransking skal elles skje ved endring av drifta som kan ha noko å seie for støyutslepp eller etter krav frå Fylkesmannen. Vurdering av støy og tiltak mot støy skal inngå i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

### **5.3. Sprenging av fjell**

Støy frå sprenging av fjell er unnateke støykrava i vilkår 5.1.

Sprenging kan skje i tida 0700 – 2000, måndag til fredag, men ikkje når det er skumring. Sprenging skal varslast alle som kan verte roka av støy eller annan ulempe frå sprenging, etter særskild avtale med dei dette gjeld.

## **6. Kjemikal**

Verksemda kan berre nytte kjemikal der dei har lokalt tilgjengeleg sikkerhetsdatablad på norsk, der bruken skjer i samsvar med produsenten sine bruksområde og når dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.<sup>6</sup> Produkt med forbodne eller strengt regulerede kjemikal etter REACH-regelverket er ikkje tillate brukt.

Verksemda skal ha dokumentert, samla oversikt over alle kjemikal i bruk eller på lager. Verksemda pliktar vidare å jamleg vurdere utskifting av helse- og miljø-skadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Verksemda skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

## **7. Avfall**

### **7.1. Generelle krav**

Verksemda pliktar med bruk av best tilgjengeleg teknologi å unngå at avfall vert danna som følgje av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest mogleg.

All handtering av avfall skal skje i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta<sup>7</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkast nytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik nytte må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, og krav fastsett i dette løyvet.

<sup>6</sup> Jf. produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

<sup>7</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Lagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

## **7.2. Mineralavfall**

Verksemda må dokumentere så langt det er nødvendig etter vedlegg II til kap. 17 i avfallsforskrifta, at anlegg for mineralavfallet ikkje skal klassifiserast som risikoanlegg. Plassering av massar ut over lagringstida omtalt i § 17-3 bokstav h) i avfallsforskrifta skal vere godkjent av Fylkesmannen. Eventuelt etablering av avfallsanlegg utanom verksemdområdet kan berre skje i samsvar med særskilt løyve frå Fylkesmannen. Driftsansvarleg skal utarbeide avfallshandteringsplan for minimering, behandling, gjenvinning og disponering av mineralavfallet ut frå prinsippet om berekraftig utvikling. Planen skal minst omtale forhold som lista i § 17-7 i avfallsforskrifta.

Anlegg for mineralavfall skal formast og driftast på ein måte som gjer at det ligg fysisk stabilt og at eventuelle utslepp til vatn og luft er under grenseverdiane gitt elles i dette løyvet.

Dumping i vatn er ikkje tillate.

## **8. Beredskap mot akutt ureining o.l.**

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan, som minimum skal omtale:

- etterprøvbare mål,
- definerte fare- og ulukkessituasjonar (uhellsscenario),
- rutinar for tiltak dersom fare- og ulukkessituasjonar skjer,
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid,
- skildring av beredskapssamarbeid med eksterne parter,
- skildring av øvingsopplegg (minimum ein gong per år).

## **9. Oppfølging av resipient**

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjøvatn og sjøsediment i høve til eit overvakingssystem. Overvakingssystemet skal utarbeidast slik at verksemda kan dokumentere tilstand og utvikling av tilstand i resipienten.

Verksemda må sjølv finansiere overvaking og periodevise, større granskingar. Verksemda kan òg påleggjast å betale ein høveleg del av kostnaden ved eit kontrollprogram for vassførekomstane der utsleppa er plasserte.

Hovudresultat frå overvakinga skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta. Omfang, verdiar og verksemda si eigen vurdering av resultatata skal sendast til Fylkesmannen saman med annan årsrapportering (sjå vilkår 10.1).

Alle relevante miljødata frå overvakinga skal rapporterast elektronisk til etablerte nasjonale register (for tida [www.vannmiljo.no](http://www.vannmiljo.no)). Kopi av skjema og primærdata skal sendast elektronisk til Fylkesmannen årleg.

## **10. Informasjon og rapportering til Fylkesmannen**

### **10.1. Informasjon til Fylkesmannen**

Verksemda skal årleg, innan utgangen av mars, skriftleg informere Fylkesmannen om alle miljøtilhøve som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Omfanget er nærare omtalt i vedlegg 3. Rapporten må også innehalde ei vurdering av resultatata og behov for tiltak.

Verksemda skal i samband med rapportering av avfalls- og utsleppsdata til Fylkesmannen oppgje og kommentere usikkerheita i datamaterialet.

### **10.2. Informasjon til andre**

Verksemda skal informere ålmenta jamleg - og minst årleg, om resultat frå overvaking av vatn og luft. Informasjonen må innehalde alle relevante miljøtilhøve som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Særleg vekt skal leggast på informasjon til nærmiljø, der individuell varsling, møte og annan direkte kontakt må vurderast.

Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon om korleis produkt frå verksemda kan nyttast i samsvar med ureinings- og produktkontrollova sine krav, og korleis avfall frå produkt eller restar av produkt skal handterast.

Verksemda skal gi naboar og andre påverka personar all nødvendig informasjon om utslepp frå og avfallshandtering ved verksemda. Ved gjentekne klagar/førespurnadar, skal verksemda ha dokumentert kontakt med nabolag/påverka personar med sikte på redusert konfliktnivå.

Kopi av løyvedokumenta skal vere fysisk lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemda og for alle som har næringsmessig kontakt med verksemda. Løyvedokumenta skal vere publisert på verksemda si heimeside og kopi skal kunne leverast einkvar på førespurnad.

## **11. Økonomisk sikkerheit**

Verksemda skal ha tilfredsstillande økonomisk sikring for å sikre at farleg avfall og mineralavfall vert forsvarleg handtert og at opprydding kan skje dersom verksemda legg ned sin aktivitet eller på annan måte ikkje er økonomisk i stand til å rydde.

## **12. Større endringar**

### **12.1. Utskifting av utstyr**

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved utskifting av utstyr skal beste tilgjengelege teknologi nyttast med sikte på å motverke ureining.

### **12.2. Eigarskifte**

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje starte opp aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande utan avklaring med Fylkesmannen.

### **12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans**

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar for meir enn 1 måned, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen.

Den ansvarlege er den eller dei rettssubjekt som kan vere den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget/a, eigar av anlegg eller arealet eller brukar av anlegget/a. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>8</sup>. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

---

<sup>8</sup> Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen, som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller verke skjemmande.

## VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

### Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

### Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
<b>Bromerte flammehemmarar:</b>	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktaborbromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
<b>Klorhaldige organiske sambindingar</b>	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> (kloralkan C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> (kloralkan C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Tetrakloreten	PER
Tensida:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
<b>Nitromusksambindingar</b>	
Muskxylen	
<b>Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:</b>	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6-tri-tert-butylfenol	
<b>Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)</b>	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
<b>Tinnorganiske sambindingar:</b>	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
<b>Polysykliske aromatiske hydrokarbon</b>	
<b>Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)</b>	DEHP
<b>Bisfenol A</b>	BPA
<b>Dekametylsyklopentasiloksan</b>	D5

## VEDLEGG 2 - Definisjonar

Med **miljøressursar** som omtalt i vilkår 2.2 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.

**L<sub>den</sub>** A-veid ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB tillegg på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L<sub>den</sub> er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49). NB! midlingstid for L<sub>den</sub>-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.

**L<sub>AFmax</sub>** er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafør perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.

Med **skadedyr** meiner vi her både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følgje av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknytning til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.

Med **framande artar** legg vi her til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreiiingspotensial." Dei omtalte risikokategoriane er SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Med **kjemikal** meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, både som råstoff og som hjelpekjemikal. Døme på slike kjemikal er groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

Med **immisjon** (av støy) meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtryknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).

## VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport

**Føremål:** Å informere tilsynet om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal generelt gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvene etter kapitel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensningar og avfall).

Opplysningane vil vere offentleg tilgjengeleg så langt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegheitslova eller miljøinformasjonslova.

**Rapporteringsform:** verbal og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

### Innhald

1. Kort omtale av drifta siste året.
2. Evaluering av miljøprestasjon<sup>9</sup> (dersom utvikla).
3. Produksjon førre år. – jamfør med ramma i løyvet
4. Omtale av førebyggjande tiltak, eventuelle unormale hendingar, spesielle problem (i høve til ytre miljø) o.l. Her også om tiltak ved eventuell stans i produksjonen, påverknadar av miljøet rundt anlegget/verksemda og om moglege eller faktiske utslepp til grunn eller vatn.
5. Oversikt over eventuelle skadelege artar og tiltak.
6. Resultat av eventuelle målingar av utslepp (t.d. støymålingar eller – utrekningar, lukt, støv, oljeutskiljar) – vurder i høvet til grenseverdiane i løyvet.
7. Omtale av eventuelle skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
8. Visuelle tilhøve, eventuelt skjemmaende tilhøve.
9. Om informasjonstiltak, vurdering av om informasjonstiltak er tilstrekkelege.
10. Energieffektiviseringstiltak.
11. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder, og mellomagra avfall pr. 31.12, delt på ulike typar så langt det let seg gjere.
12. Oversikt over lagring, drift og eventuell bruk av mineralavfallet.
13. Eventuelle andre utslepps- eller avfallsreducerande tiltak. Herunder også om eventuelle utskiftingar av utstyr/driftsmiddel som kan ha hatt noko å seie for det ytre miljøet.
14. Vurdering av utbyting (substitusjon) av kjemikal med andre, mindre farlege kjemikal.

---

<sup>9</sup> "Miljøprestasjon" (Environmental performance evaluation (EPE)) er eit omgrep for verksemdar som er sertifisert etter ISO 14000 eller registert etter EMAS-forordninga, og nærare omtalt i NS-EN ISO 14031. Verksemd som ikkje har slikt miljøstyringssystem, kan nytte opplegg og råd i NS-EN ISO 14031 så langt det passar, eller rapportere etter pkt. 3 – 10 i denne lista (så langt det passar).

Opphavleg oversendingsbrev



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund  
Telefon: 57643121  
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato  
28.01.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2011/394 - 461.3  
Dykkar referanse

Yeoman Halsvik as  
Sløvåg  
5960 DALSØYRA

### Utsleppsløyve Yeoman Halsvik Quarry - Yeoman Halsvik as

---

*Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til utslepp og avfallshandtering ved Yeoman Halsvik Quarry til Yeoman Halsvik as. Løyvet erstattar løyvet av 18.10.96.*

*Løyvet med tilhøyrande vilkår vert send saman med denne oversendinga. Dokumenta må sjåast i samanheng. Dette dokumentet gir bakgrunn for saka, grunngjeving for vedtak og nærare tolkingsgrunnlag for dei juridiske vilkåra (rang som lovtekst for verksemda) i løyvedokumentet.*

*Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda vil få betalingskrav i etterkant.*

---

Vi viser til søknad frå Yeoman Halsvik as dagsett 18.12.2012, med tillegg seinast den 1.9.2014 om endra løyve til verksemd etter ureiningslova.

Når vurdering av søknad endar – som her - med utsleppsløyve til aktivitet, vert vedtaket send ut som to skriv: Dette oversendingsbrevet og løyvedokumentet. Oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og søknadsprosessen. Det gir nærare grunngjeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærare krav i enkelte av vilkåra. I vedlagte skriv (løyvedokumentet) gir Fylkesmannen utsleppskonsesjon (utsleppsløyve) på omtalt stad og for nærare avgrensa aktivitet. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemda må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatta ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll.

#### Saksframstilling

Det har vore uttak av stein og foredling av stein her i lengre tid. Utsleppsløyve vart gitt av dåverande SFT i 1996, og ansvar for oppfølging av verksemda etter ureiningsregelverket vart delegert til Fylkesmannen i 2004. I 2009 vart grenser for miljøulemper frå knuseverk fastsett i kap. 30 i ureiningsforskrifta som tok til å gjelde i 2011. Det har ikkje vore meininga at store steinbrot (som på denne staden) skal vere omfatta av ureiningsforskrifta direkte, men Fylkesmannen vil så langt det passar setje likelydande krav til miljøulempe frå denne staden i dette utsleppsløyvet.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Verksemda fekk rutinemessig tilsyn frå Fylkesmannen i 2012 i samband med ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot denne typen verksemdar. Tilsynet påviste mellom anna at verksemda ikkje kunne drive i samsvar med eksisterande utslepps-løyve, og verksemda vart oppmoda om å søkje om løyve etter ureiningslova for sin aktivitet. Fylkesmannen mottok søknad 18.12.2012, men har ved fleire høve seinare fått tilleggsopplysningar. Siste sending hit vart motteke 1.9.2014.

Fylkesmannen meiner saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan fatte avgjerd i saka.

### **Bakgrunn og saksgang**

Dette er etter måten ein stor produsent av steinprodukt i nasjonal målestokk. Verksemda påverkar negativt nærområdet på land, og eit større sjøareal i nærleiken er tydeleg påverka både økologisk og visuelt.

Verksemda er likevel etablert i eit industriområde med høvesvis lang veg til bygningstypar som skal ha særskilt vern mot utslepp. Fylkesmannen har til no motteke få spørsmål om eller klagar på drifta.

Endring av løyvet vil ikkje føre til reell auke av utslepp eller andre miljøulempe. Det er likevel klart at verksemda sine påverknadar på miljøet har auka sidan førre løyvet vart gitt i 1996. Endringane i krav til drifta sidan 1996 er så store at vi har funne det rett å forme eit nytt løyvedokument.

Av di det er ein stadfesting av verksemda sin rett til drift innafor våre krav, og vi ikkje reknar med auka utslepp, har vi funne det rett å ikkje gjennomføre omfattande høyring før løyvet vart vedteke. Naboar og andre som vert vurdert er mest direkte berørt av aktiviteten, har fått utkast til løyve med vilkåra til gjennomsyn og høve til kommentar.

Vi har motteke 3 uttaler til framlegget:

Berit Steine viser at støy kan oppfattast, og ber om at natt- og helgearbeid ikkje vert tillate vidare. Ho ber om varsling før sprenging.

Jarle Halsvik viser til tilslamming av sjøbotn, og at det til tider er mykje steinstøv i lufta.

Hans Wergeland i Wergeland Holding har fleire kommentarar. Nokre av desse meiner vi er av privatrettsleg karakter eller omhandlar forhold som ikkje kan regulerast i dette løyvet. Wergeland gir ein god oversikt over tidlegare drift og utvikling av anlegget. Han meiner drift i ope anlegg ikkje kan skje i samsvar med dagens miljøkrav. Han meiner vidare at støv frå udekte, lagra massar gir generande forhold, og at det til tider er høgt støynivå.

Uttalene er send til søkjar for kommentar. Generelt vil Fylkesmannen uttrykke semje med innspelspartane at det er behov for krav til utslepp av mellom anna støy og støv. Vilråa i løyvet søkjer å avgrense mest mogleg opplevde ulemper.

### **Miljøpåverknad frå aktivitetane**

Verksemda har fleire miljøpåverknadar som må takast omsyn til og minimaliserast mest mogeleg. Arealbruken på land er omfattande og kan også medføre uønskte

førekomstar av plantar og dyr. Påverknaden i sjø er i søknadsprosessen dokumentert å vere høvesvis stor, og må reduserast. Aktiviteten er i periodar sterkt støyande. Sprenging er både særleg støyande og fører til fare ved opphald i nærleiken. Sprenging er likevel unnateke våre krav til støyutslepp, men andre utslepp må haldast innafor vedtekne grenser. Det vert sleppt ut støv til luft og etter måten er det til dels svært høge utslepp av mineralisk støv til sjø. Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut nemneverdige stoff til sjø anna enn støv frå produksjonen og olje etter oljeutskiljar. Verksemda må kunne dokumentere om det er grunn til å tru at andre stoff som kan ha noko å seie for resipienten kan verte sleppt ut. Verksemda har etter måten mykje eige avfall, og det må setjast særleg strenge krav til handtering av eige, farleg avfall. Verksemda vil også generere mykje mineralavfall som må handterast tilfredsstillande inntil bruk eller endeleg disponering.

### **Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår**

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Dei utslepps-komponentane frå verksemda som vi vurderer har mest å seie for miljøet, er regulerte gjennom dei spesifikke vilkåra. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast som kjende på anna måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som er omtalt i vilkår 2.1. i løyvet.

Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er ikkje gjentekne i det vedlagte løyve. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking gjeld i utgangspunktet krav i lovverket over vedtak i løyvet, men lovteksten kan gje styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerping. Nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei lang rad verksemder i Norge.

**Ramme** for produksjonen er gitt i vilkår 1. Med "vesentlege endringar" er meint endringar over om lag 10 %, men også vedvarande produksjonsmengd over ramma kan utløyse behov for endring av løyvet.

Krav til **internkontroll** går fram av eige forskrift og plikta for dokumentasjon av ytre miljø – forhold er presisert i vilkåra. Kravet føreset ein rad tiltak. Behovet for skriftleg dokumentasjon og oppfølging er sentral og må byggje på ei risikokartlegging av aktivitetar som kan ha følgjer for det ytre miljøet. Risikovurdering, eigne mål, handlingsplanar og skriftlege rutinar er sentrale dokument for HMS-styresmaktene sine tilsyn med verksemda. Merk at brot på løyvet (vilkåra) eller andre reglar etter ureinings- og avfallsregelverket må handsamast som avvik.

Generell informasjon om internkontrollforskrifta er også teke inn til slutt i dette skrivet.

**Nærmiljøet** skal vere sikra mot ulempe. Nokre typiske sikringstiltak som sikring mot tilkomst, bekjemping av skadedyr og eventuelle skadelege plantar, tiltak mot støy og støv, med meir er omtalte i vilkåra. Plikta til sikring er likevel vidare enn dei spesifikt omtalte vilkåra, og må sjåast i samanheng med krav som vert utløyste etter internkontrollforskrifta. Løyvehavaren pliktar alltid å halde anlegget og områda omkring, inkludert nærmaste tilførslesvegar fri for forsøpling. Ryddeaksjonar må gjennomførast etter behov. Tiltak må heile tida vurderast opp mot det som er mogeleg basert på beste tilgjengelege teknikkar, risikovurderinga og samspel med representantar for nærmiljøet.

For lagring av flytande **kjemikal eller avfall** i tankar, er utgangspunktet for kravsetting omtalen av høvesvis nedgravne tankar i kap. 1 og overgrunnstankar i kap. 18 i ureiningsforskrifta lagt til grunn. Vi har ikkje funn grunn til å setje strengare krav enn det som er omtalt i desse kapitla. Av di desse reglane dels har andre kontrollstyresmakter, og dels ikkje omtalar alle tankar som kan tenkast etablert her, er krav til alle tankar som kan føre til utslepp omtalt, og funksjonskrav til sikring er sett i samsvar med prinsippa i internkontrollforskrifta.

Krav til maksimal konsentrasjon av olje i vatn etter **oljeutskiljar**, er sett lik standardverdi sett i ureiningsforskrifta for mindre verksemder som har oljehaldig avløpsvatn. For oppfølging (dokumentasjon, analyse, tøming osv.) kan verksemda følge dei generelle krava i ureiningsforskrifta kap. 15 så langt den passar eller ikkje er endra i vilkår til løyvet/andre krav frå Fylkesmannen.

Krav til utslepp av **støv** gjeld utslepp til miljøet. Merk at andre tilsynsstyresmakter (t.d. Arbeidstilsynet) kan stille andre krav til vern av tilsette m.m. Aktuelle kjelder for støvutslepp vil vere uttak av stein, knusing, sikting, transport (inkludert transportvegar), lasting, lossing eller lagring. Det må vere klart at medvitne overutslepp av steinrestar, støv og anna til sjø må unngåast heilt, og at eventuell slik aktivitet kan føre til straffeansvar. Dokumentasjonen på støvutslepp via luft til nærområdet må gjennomførast som omtalt i kap. 30 i ureiningsforskrifta. Dette er nærare omtalt i vilkår til løyvet.

Verksemda må setje i verk tiltak for å dokumentere nivå og reduksjon av støvutslepp. Hovudkravet til prøvetaking av støv i vatn er uttak av eit tal delprøver over ein representativ time ved normal drift. Tabellen i vilkår 3.2 skal tolkast slik at andre prøvetakingstider enn ein time vert godteke dersom timesmiddelverdien vert omrekna. (Døme 1: stikkprøvemåling viser 65 mg/l støv, omrekna til timesmiddel skal utrekna verdi vere 97,5 mg/l. Døme 2: automatisk delprøvetakingsutstyr samlar inn 16 delprøver over 8 timar med normal aktivitet og analyse viser 130 mg/l, omrekna til timesmiddel skal utrekna verdi vere 91 mg/l). Prøvene skal likevel vere *representative*. Dersom utslepp gjennom ein normal produksjonsdag varierer mykje, kan det vere mest aktuelt å ta prøver over inntil 8 timar, medan om utsleppa held jamt nivå, kan også prøvetakingstid under 1 time gje representative verdier. Dersom verksemda vil ta ut delprøver, må de vurdere kva for prøvetakingsstrategi som gir mest mogeleg representativt resultat. Dersom ein vel å bruke automatiske delprøvetakarar er det sjølv sagt at midlingstida ligg innafor tidsrommet det er aktivitet som kan medføre dei høgaste, normale utsleppa. Eventuell stikkprøvetaking må også takast på tid det er normal aktivitet som kan føre til høge støvutslepp.

Nivå på utslepp frå punkt I (sjå vilkår 3.2) er sett høvesvis høgt. Kravet er likevel vesentleg skjerpa inn i høvet til oppgitte normalutslepp til strandkanten frå dette utsleppet. Det er klart at verksemda må endre rutinar og eventuelt reinseanlegg for å redusere utslepp særleg frå dette punktet.

Vi er ikkje kjend med vassmengd som går ut frå dette utsleppspunktet. Dersom total årsmengd støv herfrå vil kunne bidra til å oppretthalde den svake tilstanden i vassførekomsten, varslar vi allereie no at vi vil skjerpe inn utsleppskrava for dette punktet og om nødvendig dei andre punktutsleppa.

Det vil verte slutt på at prosessavløpsvatnet går ut i strandkant. Eigna djupne må vurderast av kompetent rådgjevingsfirma i samsvar med funksjonskrava i vilkåra (jf. spesielt 3.4). Det er ikkje sett spesifikk dato når utsleppsarrangementet skal vere ferdig utbygt, og må forståast slik at det skal skje så raskt som praktisk mogeleg. Verksemda kan vurdere om målingar også skal gjerast på turbiditet. Dersom verksemda med hjelp frå uavhengig, kompetent konsulent finn at turbiditetsmålingar gir representativt uttrykk for steinstøv i vatnet – og ønskjer å skifte analysemetode, vil vi vurdere endring av målekrav.

Drifta ved anlegget vil føre til **støy**. Omsynet til forsvarleg drift og tryggleik tilseier at støy frå sprenging er unnateke dei konkrete støykrava. Slik aktivitet må varslast til alle som kan verte roka i forkant av sprengetid. All støy må søkast redusert uavhengig av om ein elles stettar våre spesifikt sette støygrenser.

Grenseverdiane er sette i samsvar med vanleg avgrensing av støy som vert oppfatta problemfylt. Støyen vil likevel verte oppfatta ulikt og subjektivt, og mange vil framleis oppleve støy under grenseverdiane som ubehageleg.

Oppramsing av bygningar o.l. er uttømmende, og må tolkast slik at støy mot annan industri og næringsaktivitet ikkje er omfatta av desse krava. Vilkåra set vidare krav om at måling/utrekning skal skje ved næraste "fasade". Det vil for det første seie at grenseverdiane kan verte overskride på delar av naboeigedom (særleg der eigedomen har ein viss storleik), for det andre må ein avklare nærare med Fylkesmannen kor ein skal måle/utrekne dersom mest støyfølsamt område er "rekreasjonsområde" utan bygningar.

Krav til tiltak gjeld både støy som er høgare enn grenseverdiane, men også ein plikt til tiltak som kan gjerast utan urimeleg kostnad jamvel om ein held seg innafør grenseverdier. Dersom grenseverdier er overskride, må tiltak setjast i verk straks, eller aktiviteten reduserast. Gjeld det mellombelse tilhøve kan verksemda ta det formelt opp med Fylkesmannen, som vil vurdere kortvarig unntak og eventuelt andre kompensasjonstiltak for dei som vert roka. "Vanlege" tiltak som ofte må vurderast er t.d. skjerming av vifter, plassering av støyande maskinar og tid for bruk av særleg støyande maskinar eller tidsrom for spesiell støyande metallslamring eller –skraping. Merk spesielt at støykrava ikkje gjeld for etablering av bygning/område som nemnd i vilkåra som vert etablert *etter* at dette utsleppsløyvet gjeld. For denne typen bygning /område er det berre *unødvendig* støy som kan vurderast redusert.

Støygrenser er no utforma på same måte som i den statlege støyretningslina T-1442 (siste utgåve i 2012). Merk likevel av ekvivalenttida (som er tidsrommet støyutsleppa skal midlast over - sjå omtale av støy i løyvedokumentet) her skal reknast for *døgnet* med høgast støyutslepp og *ikkje* over året.

Alle verksemdar brukar **kjemikal** i større eller mindre mengder. Kjemikal er eit kvart stoff eller stoffblanding som er framstilt av menneske, eller vunne ut/samla opp og tiltenkt spesifikk bruk. Det er utvikla eit omfattande, felles europeisk regelverk (REACH) for kjemikal som kan ha helse- eller miljøeffekt. Regelverket for reine stoff er snart ferdig innført i Europa, og for stoffblandingar kjem det meste på plass innan 2015.

Verksemda må sjølv syte for å kontrollere at eigen bruk av kjemikal er i samsvar med regelverket, og at hovudkrava er godt kjende av alle som handterer/brukar kjemikal på verksemda. Særleg viktig er verksemda si kunnskap om sikkerhetsdatablad, REACH-regelverket, disponering som avfall/farleg avfall og vurdering av utbytting til mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Merk at ved tilsyn vil vi mellom anna kontrollere at kunnskapen om produktdatabladet er tilstrekkeleg, og at bruk og sluttdisponering er forsvarleg. Vilkåret om kjemikal presiserer at kjemikal som vert nytta mellom anna må ha rett produktopplysningar i

- seksjon 12 (økologiske opplysningar) der kjemikal som er miljøfareklassifisert skal ha økotoksikologiske data som forklarar miljøfareklassifiseringa til kjemikalet
- seksjon 13 (instruksar ved disponering) – der det skal spesifiserast at kjemikal skal disponerast som farleg avfall (leverast særskilt i farleg avfall – systemet med rett deklarerings) dersom kriteria vert oppfylt
- seksjon 15 (opplysningar om regelverket) der tilvising til norsk regelverk må gå fram.

Kjemikal som ikkje verksemda lenger kan nytte, eller som ingen lenger kan nytte til sitt opphavlege føremål, må leverast som avfall i samsvar med kapittelet i sikkerhetsdatabladet om disponering (kapittel 13). Dei fleste kjemikal som inneheld helse- eller miljøfarleg stoff og som vert avfall, må leverast som farleg avfall. For tida er kriteria som krev at avfallet må handterast som farleg avfall under endring. Verksemda må såleis nøye følge med på eventuelle endringar, halde seg med oppdaterte sikkerhetsdatablad (på norsk) og syte for at oppdatert dokumentasjon finst i internkontrollen for det ytre miljøet.

Alt av **eige avfall** som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre Fylkesmannen eller Miljødirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan motta avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Verksemda vil få høvesvis mykje **mineralavfall**, som verksemda i samsvar med plan kan mellomlagre på forsvarleg måte i påvente av endeleg disponering.

Plassering i **risikoklasse** i samsvar med § 39-6 har mest å seie for når verksemda kan rekne med frekvensbasert, normal oppfølging frå tilsynsstyresmakta og for venta kontrollgebyr ved dagsinspeksjon. Risikoklasse 3 vil seie at med noverande ressurs-tilfang for Fylkesmannen, må verksemda rekne med rutinekontroll på staden kvart 3. år. Kvar andre av slike kontrollar kan verte gjennomført som meir grundig kontroll (systemrevisjon). Kostnaden (gebyr til staten) for kontroll som varar inntil ein dag går fram av § 39-6 i ureiningsforskrifta. Satsane kan verte endra årleg. Kostnaden med systemrevisjon vil vere avhengig av faktisk ressursbruk hos Fylkesmannen, innafor satsane som er omtalt i § 39-8. Satsane kan verte endra årleg. I tillegg må

verksemda rekne med kontroll etter ulukke, hendingar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet eller i samband med nasjonalt koordinerte kontrollaksjonar.

Løyvet inneheld fleire særskilde krav til **informasjon**. Generelt skal verksemda informere tilsynsstyresmakta om drift med vidare, men skal også informere ålmenta årleg om miljøpåverknadar.

### **Tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta**

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova lagde til grunn for vår vurdering. Arealbruken er i samsvar med endeleg vedtak etter plan- og bygningslova, og er opparbeidd til industriføremål. Påverknad av naturmangfald utafør regulert areal vert difor i liten grad omfatta av denne etableringa, og nærare vurderingar etter §§ 9 – 12 er vurdert å vere unødvendige. Omsyn til miljøet er ivareteke så langt vi har sett det er mogeleg med fastsetjinga av vilkåra for drifta.

Hovudresipient for verksemda er vassførekomst *Sløvåg*, med ID-nummer 0261040101-7-C (Vann-nett). Tilstanden er vurdert å vere antatt dårleg. Vassførekomsten er ikkje ferdig klassifisert i Vann-nett. Granskinga av støvutslepp med påvist blakking og avleiring på botn, styrkar vurderinga av klassifiseringa som "dårleg". Dette er ikkje akseptabel tilstand, og verksemda må uavhengig av dette utsleppsløyvet syte for tiltak innan 2021. Krava i løyvet vil bidra til å sikre betring.

Verksemda har også utslepp som påverkar vassførekomsten *Fensfjorden* (ID-nummer 0261040101-8-C i Vann-nett). Fensfjorden er ein stor vassførekomst og tilstanden er vurdert å vere god.

Verksemda må bidra med data om utslepp og verknadar av dykkar utslepp. Bidraga kan mellom anna omfatte aktuelle biologiske kvalitetselement med støtteparameter og kjemiske kvalitetselement. Nærare omtale finn de i vedlegg V til vassforskrifta. I vilkåra er det difor stilt krav til gransking av vassførekomsten / ev. at de bidreg i eit felles overvåkingsprogram. Data frå overvakinga skal rapporterast til databasen *Vannmiljø*. Importformat må de hente frå <http://vanmiljokoder.miljodir.no>.

Fylkesmannen vurderer at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av utsleppa – med dei vilkåra som er sette, vil vere akseptable.

### **Vurdering av tekniskar/teknologiske forhold**

Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i Fylkesmannen si sakshandsaming at beste tilgjengelege tekniskar skal takast i bruk for å førebygge ureining. Krava i vilkåra vil difor ofte vere forma som funksjonskrav og ikkje tilstandskrav. Med *funksjonskrav* meiner vi krav som ikkje omtalar spesifikke utsleppsnivå, tekniske tilstandar eller føreset spesifikke tekniske løysingar, men gir ansvar for verksemda å finne løysing i samsvar med føre var - krav eller beste tilgjengeleg teknologi – dokument som gjeld for verksemda. Med *tilstandskrav* meiner vi krav som set spesifikke tilstandsgrenser for ein type utslepp, men kan også vere tale om bruk av spesifikke reinseteknologi eller andre tekniske innretningar. Merk at verksemda kontinuerleg må arbeide med å redusere utslepp, jamvel om ein tilfredsstillende gjeldande utsleppsgrenser i løyvet.

## Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold vurderer Fylkesmannen at utsleppskonsesjon (utsleppsløyve) med dei tilhøyrande vilkåra som omtalt i løyvedokumentet kan gjevast. Søknadsprosessen har sett fokus på fleire miljøulempe, og verksemda vil med nye krav vere betre i stand til å redusere ulempe for miljøet. Fylkesmannen vil føre eit risikobasert tilsyn med verksemda, og vil ha særskild fokus på tilhøve som har kome fram i søknadsprosessen.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

## Fristar

Tabellen gir oversikt over nokre fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Internkontroll for ytre miljø som bygger på dokumentert miljørisikoanalyse		2.2 og forskriftskrav
Program for å hindre skadedyr og skadelege plantar	Innan 9 mndr.	2.4
Utslepp til vatn, grunna på dokumentert måle- og utrekningsprogram	Så snart som praktisk råd	3.2 til 3.4
Nye utsleppspunkt for prosessavløpsvatn	Så snart som råd	3.5
Utslepp til luft (støv), grunna på dokumentert måle- og utrekningsprogram	Skal vere etablert	4.1 og 4.2
Dokumentasjon på støv	Innan eitt år	5.1 og 5.2
Levering av farleg avfall	Minst årleg	7.1 og forskriftskrav
Substitusjon av kjemikal	Jamleg, jf. produktkontrollova § 3a	6
Plan for handtering og mellomlagring av mineralavfall	Så snart som råd	7.2
Ha etablert beredskap mot akutt ureining	Skal vere etablert	8
Øving av beredskap	Min. årleg	8
Overvakingsprogram for resipient	1.7.2015	9
Rapportering til Fylkesmannen	31.3 årleg	10.1 og vedlegg 3
Oversikt over utslepp og miljøpåverknad frå aktiviteten	Årleg til ålmenta	10.2 og miljøinformasjonslova
Økonomisk sikkerheit	Innan 6 mndr.	11

## Vedtak om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Arbeidsmengd for Fylkesmannen tilseier at gebyr må betalast etter sats 2 i §-5 i ureiningsforskrifta. Vi viser til varsel datert 15.10.2013 og vedtek at verksemda skal betale eit gebyr til

staten på kr. 21 700,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden (satsen som galdt for året de først sendte søknad). Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

## **Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket**

### **Internkontroll**

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane som er kjent som HMS-etatane. Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Krava om tiltak for "ytre miljø" (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemder som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtalar kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Den skriftlege dokumentasjonen må tilpassast type og omfang av ulike aktivitetar. Arbeid som ikkje er grunna på gjennomført, skriftleg og oppdatert risikovurdering med oppfølgande handlingsplan, vil ikkje stette minimumskrava i forskrifta. Verksemda må også sikre skriftlege rutinar for førebyggjande vedlikehald av alt utstyr og produksjonsprosessar som kan føre til utilsikta utslepp. Driftsinstruksar og driftsjournalar må førast for alle prosessar og aktivitetar som vil ha noko å seie for det ytre miljøet. Det må t.d. også etablerast, vedlikehaldast og konkretiserast eigne mål for internkontrollarbeidet, dei tilsette må medverke og det må lagast og vedlikehaldast plan for kompetanseutvikling når det gjeld ytre miljø.

Merk at det framleis er ei vanleg mistyding å berre omtale krav etter internkontrollforskrifta som gjeld "indre miljø" (dvs. arbeidsmiljøet) som HMS-krav (helse – miljø – sikkerheit), medan tilsvarande HMS-krav etter internkontrollforskrifta som gjeld ytre miljø (ureining og avfallshandtering) vert omtala på annan måte. Vi vil såleis generelt presisere at HMS-krav etter internkontrollforskrifta gjeld fullt ut for det ytre miljøet.

### **Andre viktige miljølovkrav**

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å følgje krava i ureiningslova og produktkontrolllova, og forskriftene som er heimla i desse lovene. Nokre av desse lovkrave er nærare omtalt eller presisert i løyvet. Viktige lovreglar generelt vil de finne på [www.lovdatabasen.no](http://www.lovdatabasen.no) eller via [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### **Graving eller mudring**

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng løyve etter ureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> Jf ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

**Endring eller tilbakekalling av løyvet**

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

**Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

**Tvangsmulkt, straff**

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrollova, samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

**Erstatningsansvar**

At ureininga er tilleten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, t.d. arbeidsmiljø-, helse- og brannvernreglar.

**Klagerett**

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

**Offentleggjing av løyvet**

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykka rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Grete Haugan  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til :

Berit Steine			
Miljødirektoratet	Pb 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Gulen kommune		5966	Eivindvik
Wergeland Holding			
Jarle Halsvik	Halsvik sveis og service enk., Halsvikv. 14	5960	DALSØYRA

Vedlegg:  
Utsleppsløyvet med vilkår